

Eidfjord sokneråd

Årsmelding 2024



Eidfjord kyrkje

- ein naturleg del av dagleglivet

Eidfjord sokneråd / Fellesråd 2024

- Kari Tveit Hovland (leiar)
- Hans Hellevang (nestleiar)
- Hilde Anette Oksavik Bu
- Ole-Johnny Odland
- Gunn Karin Aurdal Kjerland
- Kjellaug Enge
- Ann Kristin Steinhovden
Wathne(vara m fast
oppmøte)
- Johannes Pettersen
(geistleg repr til 31.08.24)
- Signe Elisabeth Kvåle
(geistleg repr frå 01.09.24)
- Lillian Læg Reid (kommunal
representant)

Tilsette i kyrkja

Johannes Pettersen, sokneprest til 31.08.24

Signe Elisabeth Kvåle, sokneprest frå 01.09.24

Tone Felle Nesheim, kyrkjevevje til 30.09.24 og ass
kyrkjevevje frå 01.10.24

Irene Viveli, ass kyrkjevevje til 30.09.24 og
kyrkjevevje frå 01.10.24

Christian Bouvain, kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Manuela Bjotveit, Barne og ungdomsarbeid

Ingeborg Wijland, diakoniarbeidar og klokkar

Kris Ulita, organist

Harry Dijkstra, prosjektleiar Minnelund frå
01.10.2024

(3,15 årsverk til 30.09.24 og 3,65 årsverk frå
01.10.24 i tillegg til prestestillinga)

Soknerådet

Det er halde 6 møte, handsama 8 soknerådssaker og 16 fellestrådsaker. I tillegg til å legge føringar for arbeidet i kyrkja stiller soknerådet opp som kyrkjevertar ved særskilte gudstenester og dei gjer også ein del andre praktiske oppgåver. Td ansvar for kyrjekaffi på minnegudstenesta og årsmøte.

Personal:

Det er ein fin og samansveisa gjeng som arbeider i kyrkja. Det er lågt sjukefråvær. Me er fem damer og tre menn, og me har tilsette frå fire ulike land. Polen, Nederland og Tyskland er representert, i tillegg til Norge sjølv sagt.

ARBEID GJENNOM ÅRET

Arbeidsdagane i kyrkja er prega av eit triveleg arbeidsmiljø. Tilsette jobbar godt saman som eit lag og alle tar i eit tak der det trengs. Denne fleksibiliteten gjer at sjølv om staben er liten er den likevel «robust». Me drar også stor nytte av eit godt samarbeid med Eidfjord kommune.

Me ønskjer å vere ein bidragsytar i lokalsamfunnet. Gjennom ei vanleg veke er det mange aktivitetar i kyrkja.

Barne og ungdomsarbeid – kort oppsummering

Barne- og ungdomsarbeidet er eit prioritert område for soknerådet og me gler oss over stabil og god aktivitet.

Året starta som vanleg me **joletreffest** arrangert frå soknerådet. Dei diska opp med god mat. Nissen kom sjølv sagt òg.

Kyrkja gjennom livet.

Det startar med dåpssamtale mellom prest og foreldre. I dine første leveår kan du ta med mor eller far på [småbornskafé](#) ein gong i veka. Toåringane blir invitert om hausten til [krøllesamling](#). Der får dei utdelt bok og dåpsminneljos. Alle barnehageborn med foreldre og søsken blir inviterte til [Minikyrkje](#) 8 gonger i året. På starten av desse samlingane et me middag i lag. For 4- åringane er det [samling og utdeling av barnebibel](#) under hausttakkefesten.



[Førsteklassingane](#) blir invitert til festmiddag i starten av skuleåret. Alle barn i småtrinnet blir inviterte til [påskemysteriet og joleverkstad](#). 1 og 2 klasse er invitert til [Agentklubb](#) ein tysdag i månaden, like etter skuletid.



«Førsteklasses»

Er du ni eller ti år kan du bli på med [Tårnagent](#). [Lys våken](#), der du får overnatte i kyrkja, er for dei som er elleve eller tolv år. Når du er 11 år er du også [minikonfirmant](#).



Me inviterer 6. til 8. klasse til [Jordvenn](#), med leir. Tre årskull er saman om dette. Året etter er du [konfirmant](#), då er det samlingar og konfirmantleir.

Agentklubb

TRUSOPPLÆRINGS PROSJEKT

Jordvenn 6. 7 og 8. klasse

Kvart år blir det nytt opplegg som tar utgangspunktet i eit tema og naturen rundt oss i Eidfjord.

Finansierast av eit fast tilskot frå staten, offer og andre gåver..

Tema 2024 var «1000 år med kristendommen i Noreg». Me hadde ein kreativsamling i kyrkja der me laga altarbilete og avslutta med leir i Simadalen.

Samarbeid skule/barnehage

Barnehagen kom med alle gruppene to gongar i året. Først til påskevandring og så til jolevandring.

Ferie utan koffert-gjengen hadde besøk av dei aller minste i barnehagen til ei felles jolesamling.

Skulen kom til adventsgudsteneste før jol.

Ferie utan koffert

er eit svært populært tilbod. Her kjem den eldre garde saman til mykje prat, litt underhaldning, og ein felles middag. Tilbodet er første tysdag i månaden frå januar til mai og frå september til desember. Kvar gong kjem det 20-25 personar.

Frå statistikk for 2024

9 døypte

7 konfirmerte

3 par vigde

5 døde



Ferie utan koffert
på stølstur

Gudstenester



Borna kjenner
seg heime i
Eidfjord kyrkje

Det er halde 24 gudstenester gjennom året. I snitt 48 frammøtte pr gudsteneste.

Born og unge høyrer til i kyrkja og er ein sjølvstøtt del av den. Dei får viktige oppgåver i gudstenester og i arbeidet elles, der det er naturleg at dei er med.

Kris har hatt faste songstunder og gudstenester på Bygdaheimen gjennom heile året. Tusen takk til Marte Seip og Reidar Gjøtterud for god hjelp.

Misjon

Eidfjord sokneråd har avslutta samarbeidet med Himalpartner, men dei får eit offer kvart år. Ole Johnny Odland er soknerådet sin misjonskontakt.

Manuela og Ingeborg har arrangert Minikyrkje med stor suksess. I april og i november var me med minikyrkja på Bygdaheimen og hadde samling der. Det var forteljing, songstund og hobbyaktivitetar. Og sjølvstøtt mange såpebobler.

Navna minnelund

Arbeidet er i full gang. Harry Dijkstra er tilsett hjå oss i ei prosjektstilling. Han arbeider kun med minnelunden, og arbeidet går fort framover. Det er Harry som har teikna og planlagt minnelunden og det er heilt klart for oss at han er rett mann på rett stad. Me har som mål og er ved godt håp om at minnelunden skal stå klar til bruk innan juni 2025. Økonomien gjer at det vil stå att noko arbeid, då først og fremst planter, tre og buskar, men lunden skal vere fin og klar til å takast i bruk. Så får ein komplettere minnelunden når me har pengar til det framover.



Navna Minnelund.
Harry i gang med
utforming av
minnesmerke.

Ny sokneprest

Sokneprest Johannes Pettersen slutta hjå oss 31. august. Han vart avløyrt av Signe E Kvåle. Ho er gull verdt. Eit flott tilskot i staben, bygda og i arbeidet.



ØKONOMI

Soknerådet har pr 31.12.2024 desse fonda:

Gåve frå Guro Læg Reid	233 366
Gåve frå Måbø	135 085
Rekneskapsmessig overskot	848 779
Rekneskapsmessig overskot 2024	266 103
Trusoppæringsprosjekt	75 554
Bibelknøttane	4 441
Diakoniarbeid	25 000
Barne- og ungdomsarbeid	208 184
Offer til kyrkjelydsarbeidet	17 942
Småbarnskafe	1 780

Innsamla midlar

Gåver/gjevarteneste	21 838
Offer til eige arbeid	6 400
Offer til andre (herav kr 13 536 til Fastaksjonen)	44 906

Trusopplæringsprosjektet - finansiering

Naturkulprosjektet og leiarkurset var i utgangspunktet finansiert av statlege midlar og økonomien er heilt adskilt frå resten av soknerådet si drift. Tilskotet blei kraftig redusert i 2013. Gåver og offer har erstatta deler av reduksjonen. Me har også fått eit ekstratilskot på kr 30 000 Bjørgvin bispedøme som me får behalde framover.

Før oppstart av prosjektet gjekk gåver og offer inn i det ordinære kyrkjelydsarbeidet. No går alle desse midlane direkte inn i trusopplæringsprosjektet.



Diakoni

Diakoni ligg i botnen av alt arbeidet kyrkja driv. Manuela og Ingeborg sitt diakoniarbeid har ein del til felles med barne- og ungdomsarbeidet. Småbarnstreff er eit døme på dette. Etter gudstenestene er det enkel kyrkjekaffi. Ingeborg har ansvar for dette.

Kyrkjevertordninga er sett delvis på pause grunna lite behov. Soknerådet er flinke til å stille opp når det trengs, og er kyrkjevertar ved større gudstenester som presentasjonsgudsteneste, konfirmasjon, minnegudsteneste og jolaftansgudsteneste

Fasteaksjonen 2024

Konfirmantane og andre frivillige gjekk frå dør til dør. Dei fekk inn kr 13 536,- i kontanter. Kor mykje som kom inn på Vipps er uvisst. Grunna omstrukturering hjå Vipps kunne ein ikkje skilje ut kor pengane kom frå geografisk i den tida

fasteaksjonen pågjøkk. Innsamla kontanter gjekk sjølvsgatt uavkorta til Kirkens Nødhjelp.



Arbeid vidare

Me har mange aktivitetar for born og unge, med stabil og høg oppslutnad. Dette er ein draumesituasjon, men det er samstundes tidkrevjande. Me ønskjer å utvikle oss vidare, men det er viktig å vere obs på at nye tiltak fort kan bli på bekostning av eksisterande og velfungerande tiltak. Det er ofte vanskeleg å finne frivillige til å hjelpe til, spesielt på leir.

Ein fleksibel stab hopper inn med ekstra hender (og breie smil) der det trengs. Dette er ei stor styrke og er også bra for lagfølelsen. Ikkje mykje kan måle seg med felles stolthet når ein aktivitet slår godt an.

Utan mat og drikke... I Eidfjord kyrkje får du meir enn brød og vin 🍷

Informasjon frå kyrkja

Det er viktig for oss å vere synlege. Kyrkjebladet, Brubbyggjaren, som me gjev ut i lag med Ulvik skal vere eit bindeledd mellom kyrkjene og folket på begge sider av fjorden. Det er stoff frå både kyrkjelydane i kvar utgåve. Kari Tveit Hovland er redaktør. Bladet kom ut to gonger i 2024.

Elles finn ein sjølvsgatt info frå kyrkja på våre nettsider og facebookside og Instagram. Trusopplærar-Manuela har Instagram-konto. Følg henne og Rolf-Trustein gjennom hyppige oppdateringar!

Samarbeid med Ulvik

Det er inngått utvida samarbeid med Ulvik. KA har gjeve kr 150 000 i tilskot for å utvikle dette. Samarbeidet har allereie vist seg å vere til stor nytte for begge partar. Felles kultur og lik storleik gjev likeverdige partar og eit godt utgangspunkt. Me deler programmer, fordeler arbeid, tillegg leiger Ulvik diakoniarbeidaren vår i 10%.

Gudsteneste andre stader enn i kyrkja

I 2024 hadde me gudsteneste på Liseth og ved gapahuken i Simadal. Me hadde også gudsteneste på Bu. Godt oppmøte alle stader, og me vil prøve å halde dette ved like inn i 2025.



Gudsteneste på Bu



Gudsteneste på fjellet i påska er svært populært. Liseth inviterer inn når det er ruskete ute. Stappfullt og koseleg!

Anna

Me har skifta ut brannvarslingsanlegget og alle branndetektorane. Me har også sett inn nytt ringeanlegg. Den gamle plenklypparen er blitt pensjonist og ny flott klyppar jobber no saman med Christian på kyrkjegardane.

Før konfirmasjonen var det dugnad i kyrkjene. Gamlekyrkja vart vaska til sesongen, og det vart luka og planta ved parkeringsplassen ved nye kyrkja.

I september vart Landslovjubileet markert i gamlekyrkja. Inger Kristine Riber, Reidun Horvei og Guttorm Rogdaberg hadde ei forteljarstund for vaksne, og ei for mellomtrinnet frå Lægreid skule.


Frivillig innsats

Frivillige bidrar på ulike måtar i arbeidet i kyrkja, dette set me stor pris på. Sokneråd og stab ønskjer å rette ei hjarteleg takk til dei frivillige for deira innsats. Me vil også takke for engasjementet folk har vist med å gi gåver til kyrkjelydsarbeidet. Begge deler betyr mykje for at me kan drive arbeidet vårt på ein god måte.

Eidfjord 27.02.2025

Kari Tveit Hovland
Leiar

Irene Viveli
Kyrkjeverje/dagleg leiar



Slike stunder i kyrkja lever me lenge på. Hausttakkefest med bobler 🥰
TAKK FOR EIT FINT ÅR!